

## Hordaland Sau og geit.



Referat frå styremøte fredag 20. mai 2011 på Nortura i Eidsvåg. Desse møtte: Nils Inge Hitland, Anita Jordalen, Olav Håvardsholm og Reidar Kallestad. Forfall Egil Øvstebø.

Sak.33/11. Godkjenning av innkalling og referat frå sist styremøte. Vedtak : Ingen merknad.

Sak.34/11. Valg av personar til utmarksråd og gjetarhundråd i NSG. Det vert teke kontakt med Ove Holmås om attval i utmarksråd og Sander Hindenes som medlem til gjetarhundråd. Leiar sender ut E.post til lokallaga om dei har andre framlegg.

Sak.35/11. Verknad av inngått jordbruksavtale med Bondelaget og Staten. Reidar Kallestad informerte om dei verknadene den vil få for sauehaldet. Utfyllande opplysningar om det finn ein på nettsida til NSG og Bondelaget. Vidare vil ein leggja ut ein kortversjon av dette på heimesida til HSG.

Sak.36/11. Kontoar i Voss Sparebank. Leiar orienterte om det som gjeld dette.

Sak.36/11. NM i saueklypping. Viser til brev frå NSG, er og sendt ut til lokallaga. Vedtak : Styret ser det som uaktuelt å leggje det til Hordaland då her ikkje er slakteri, noko som må til skal ein kunne avvikle det.

Sak.37/11. Ny giv for sauehaldet til i Hordaland. Sekretær la fram eit forslag til brev som skal sendast lokallaga. Vedtak : Leiar og sekretær redigerar og legg til noko utfyllande tekst før ein sender det ut.

Sak.38/11. Datakurs for lokallaga. Vedtak : Det vert sendt ut invitasjon til lokallaga for kurs i data og bruk av heimeside for

lokallaga. Ein prøver med eit kurs på Evanger. Innkalling vert sendt ut seinare.

Sak.39/11. Agro Hordaland.HSG har ansvar for program til dette. Vedtak : Styret får i oppdrag å få tak i foredragshaldarar til Agro Hordaland, som skal vera i oktober.

Sak.40/11. Gåvepremiar.Vedtak : Ein kjøper inn eit antal porselenskrus / trekoppar med HSG logo på, etter det som Anita hadde fått pris på , ein avpassar talet til det som høver i ei tinging.

Referert knut Sygnestveit.